

Notat - forslag til justert avtale om fond m.m. i samband med etablering av ny kommune i indre Sunnfjord

Bakgrunn

Rådmennene i dei fire kommunane presenterte i eit [notat datert 24.10.2016](#) eit forslag til korleis ein skulle forstå ordlyden i intensjonsavtalen og det tilhøyrande vedlegget.

Frå Jølster er det så komme [framlegg om eit alternativt opplegg](#).

Spørsmålet er om det er mogeleg å sameine desse to framlegga til eitt som alle partar kan tilrå i det vidare.

Hovudpunkta i dei to framlegga

Rådmennene:

1. Kultur- og næringsfond

20 mill kr i eingongstilskott blir delt med 5 mill kr til kvar av dei tidlegare kommunane.

2. Påfyll til kultur- og næringsfondet

Fonda skal få påfyll gjennom årleg løyving frå midlar kommunen mottok gjennom sal av konsesjonskraft. Løyvinga er avgrensa til 50% av konsesjonskraftinntektene (netto).

Kommunestyret i den nye kommunen avgjer fordelinga av midlane som skal gå til påfyll av fonda.

3. Eksisterande fond

Følgjande fond skal så langt det er råd komme dei opprinnelege kommunane til gode i samsvar med føremålet for fonda:

Fond for tapt utbygging i Gaularvassdraget, Gaular

Fond for tapt utbygging i Gaularvassdraget, Førde

Fiske- og næringsfond i samband med utbygging av Kjøsnesfjorden, Jølster

Fiske- og næringsfond Jølstra (nytt)

«Mineralfond – Engebø», Naustdal kommune

Desse fonda skal også styrkast med konsesjonsavgiftene som har sitt opphav i dei opphavslege kommunane.

4. Byregionprogrammet.

Ved bruk av prosjektmidlar og dei nye nærings- og kulturfonda skal ein arbeide aktivt for å utvikle bustadbygging, næringsetablering og eit godt kulturtilbod.

5. Infrastrukturtilskot

Den nye kommunen har i 2016 fått 5 mill kr i tilskot til ulike infrastrukturtiltak og digitalisering. Tilskotet skal fordelast mellom kommunane i samsvar med søknad.

6. Regionsentertilskot

Jølster kommune:

1. **Konsesjonskraftinntektene** skal fordelast med 50% til «opphavskommunen» og resten likt fordelt til dei tre andre kommunane som påfyll til kultur- og næringsfond.
2. **Dei stadbundne fonda** skal styrkast med avkastninga på fonda
3. **Eigedomsskatten** går til den nye kommunen
4. **Konsesjonsavgifta** går til den nye kommunen

Kompromiss

1. **Kultur- og næringsfond**
20 mill kr i eingongstilskott blir delt med 5 mill kr til kvar av dei tidlegare kommunane.
2. **Påfyll til kultur- og næringsfondet**
75% av konsesjonskraftinntektene blir fordelt slik og brukt som påfyll:
Det bør vere eit «tak» for kor mykje som skal gå til påfyll av desse fonda. Det bør ikkje brukast meir enn 4 mill kr (2017-kr)

| Førde | Gaular | Jølster | Naustdal |
|-------|--------|---------|----------|
| 23 % | 24 % | 37 % | 17 % |

Samla sum ca 2,8 mill kr før utbygging av Jølstra

I tillegg vil fonda bli tillagt avkastninga frå hovudstolen på fonda.

3. **Forvaltning av fonda**
Bør avvente dette til administrativ og politisk organisering samt delegeringsregime er bestemt.
4. **Ordninga med kultur- og næringsfond før evaluerast i 2025.**
5. **Dei stadbundne fonda**
Følgjande fond skal så langt det er råd komme dei opprinnelege kommunane til gode i samsvar med føremålet for fonda:
Fond for tapt utbygging i Gaularvassdraget, Gaular
Fond for tapt utbygging i Gaularvassdraget, Førde
Fiske- og næringsfond i samband med utbygging av Kjøsnesfjorden, Jølster
Fiske- og næringsfond Jølstra (nytt)
«Mineralfond – Engebø», Naustdal kommune
Fonda skal styrkast med avkastninga på fonda
6. **Eigedomsskatten** går til den nye kommunen
7. **Konsesjonsavgifta** går til den nye kommunen

8. **Byregionprogrammet.**

Ved bruk av prosjektmidlar og dei nye nærings- og kulturfonda skal ein arbeide aktivt for å utvikle bustadbygging, næringsetablering og eit godt kulturtilbod.

9. **Infrastrukturtilskot**

Den nye kommunen har i 2016 fått 5 mill kr i tilskot til ulike infrastrukturtiltak og digitalisering. Tilskotet skal fordelast mellom kommunane i samsvar med søknad.

10. **Regionsentertilskot**

Med inntekter frå Jølstra stipulert til 2 mill kr blir oppsettet slik:

| Førde | Gaular | Jølster | Naustdal |
|--------------|---------------|----------------|-----------------|
| 21 % | 21 % | 41 % | 17 % |

Samla sum ca 4,3 mill kr etter utbygging av Jølstra